



Statens vegvesen

Inger Staff
Hamlagrøvegen 607
5708 VOSS

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Hilde Gunn Stenseth /
56520207

Vår referanse:
16/85027-2

Dykkar referanse:

Vår dato:
16.06.2016

Statens vegvesen sitt svar på søknad om dispensasjon frå byggegrense – gnr. 251 bnr. 3 – Oppføring av nytt tilbygg – Voss kommune

Viser til søknad frå dykk mottatt 31.05.2016.

I Rammeplan for avkøyrslar og byggegrenser på riks- og fylkesveggar i Region vest (2013–2016) ligg fylkesveg (Fv.) 314 i haldningsklasse 3. I denne haldningsklassen er tilrådd byggegrense 30 meter frå midtline veg.

Det vert med dette gjeve dispensasjon frå byggegrensa ved fv. 314 hp 2 km 6,090. Dispensasjonen gjeld for tilbygg til fritidsbustad med ein avstand på 49 meter frå vegmidte til næraste bygningsdel på gnr. 251 bnr. 3 i Voss kommune.

Me gjer merksam på at dispensasjonen berre gjeld i høve veglova, og ikkje dei rettar de har ovanfor eventuelle andre grunneigarar. Dispensasjonen er gjeve i samsvar med føresegnene om byggegrenser i veglova §§ 29 og 30 og på dei vilkår som er nemnt nedanfor.

1. Bygningen må ikkje nyttast til anna føremål enn det som kjem fram av søknaden.
2. Dispensasjonen fell bort dersom omsøkte byggjearbeid ikkje er starta innan 3 år frå d.d.
3. Det er ikkje grunnlag for krav mot Statens vegvesen på grunn av skade eller ulempe som følgjer av at bygningen ligg innanfor byggegrensa, med mindre det kan påvisast aktløyse frå vegvesenet si side. Me vil påpeike at trafikkstøy kan vere til ulempe.
4. Dersom bygget vert oppført i strid med vilkåra i denne dispensasjonen, kan bygget krevjast fjerna med heimel i veglovas § 36 utan kostnader for Statens vegvesen.

Vedtaket kan påklagast.

Plan & Forvaltning Voss Hardanger
Med helsing

Carl Erik Nielsen
Seksjonssjef

Hilde Gunn Stenseth
Senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN
Voss kommune, Postboks 145, 5701 VOSS